

# **Innspel frå forvaltningsstyret til kommuneplanen sin samfunnsdel**



Volda kommune

13.01.2016

# Notat frå møte i forvaltningsstyret

Dette heftet er eit notat frå møte i forvaltningsstyret 14.01.2016.

Arkivsak nr.: 2015/632

Volda kommune ynskte innspel frå forvaltningsstyret til kommuneplanen sin samfunnsdel. 14. januar 2016 var planleggar frå kommunen til stede på eit forvaltningsstyremøte og samla innspel frå utvalet. Utvalet bar bedne om å stille førebudd til møtet, og hadde fått tilsendt eit oppgåveark på førehand med spørsmål henta frå planprogrammet. Alle spørsmåla vart gjennomgått på møtet, og planleggar noterte stikkord undervegs. I tillegg vart notatarka til deltakarane samla inn.

I dette heftet er stikkord og notat samla. Under kvart spørsmål er nokre stikkord framheva med farga skrift. Her er det forsøkt å samle stikkord som vart framheva på møtet, eller som vart nemnd av fleire i notata.

## Innhald

Attraktivitet	s. 3
Busetting	s. 5
Volda i regionen	s. 7
Volda sentrum	s. 8
Folkehelse	s. 10
Klima og miljø	s. 11
Tenester	s. 12
Samfunnstryggleik	s. 13

### **Korleis sikre gode oppvekstvilkår?**

Stikkord: Boltreplass. Gode oppvekstvilkår = god investering. Tryggleik. Omsorgspersonar.

- Boltreplass. Gi plass til ungane. Fordel på bygdene; boltreplass i skog og sanddunger.
- Å gi barn gode oppvekstvilkår er den beste investeringa, både i framtidig helse og økonomi. Tryggleik = nøkkelord, god hjelp til utsette barn og unge (t.d. helsestasjon, kommunepsykolog, valdskoordinator).
- Den viktigaste jobben vert gjort lokalt, av helsestasjon, barnehagar, skular, barnevernet og familiekontoret.
- Viktig med omsorgspersonar som bryr seg; foreldre, slekt og vener.
- Moglegheiter til å utvikle seg og evnene sine, knytte gode relasjonar, oppleve forventningar og meistring, til å ha ein meningsfull kvardag.
- Vår samfunnsoppgåve å sjå barn som sliter, mobbing, psykiske vanskar, spisevegring o.a.
- Kommunen må prioritere barn og unge og sørge for tilrettelagde og gode tilbod, t.d. ungdomsklubb.
- Sikre tilbodet til familien rundt eit valdsutsatt barn gjennom familievern.

### **Kva mål og visjonar har kommunen for næringsutvikling og verdiskaping?**

Stikkord: Tilrettelegging av næringsområde. Grøn næringsutvikling.

- Tilrettelegging av næringsområde (industri/produksjon/forretning). (Også utanom Volda tettstad.)
- Fornybar og grøn næringsutvikling.
- Framtidig næringsutvikling må skje innanfor dei rammene klimaavtalen frå Paris, desember 2015 gjev.

### **Kva næringar ynskjer kommunen å legge til rette for og satse på?**

Stikkord: Høgskulen. Jordbruk. Havbruk. Grøne næringar.

- Sjukehuset, høgskulen, jordbruk?, handel (knutepunkt), industri.
- Havbruk. Utvida areal til havbruk. Ein framtidig ressurs. Ikkje bare laks, men også nye næringar. Treng ein ny havbruksplan.
- Treng plan for fjordbruk. Kva areal skal/kan nyttast til dette. Må ta omsyn til miljøet.
- Kommunen ynskjer å legge til rette for næringar som tek innover seg realitetane i det grønne skiftet. Teknologi knytt til bærekraftig havbruk, fornybar energi og kommunikasjon vil vere viktige satsingsområde i tillegg til å halde på og utvikle Høgskulen.

### **Korleis ta vare på og styrke landbruksnæringa?**

Stikkord: Biologisk mangfald. Pollinering. Svartelista artar. Lokal mat. Jordvern. Jordbruksareal i sentrum?

- Biologisk mangfald.
- Sørge for framtidig pollinering ved å ha biologisk mangfald og spesielt blomsterenger for humler og andre insekt.
- Utarbeide plan for å fjerne svartelista artar, og styrke arbeidet med å ta vare på raudlista artar.
- Det må satsast på «plukkhogst» heller enn flatehogst, og bruke lettare maskiner og tømmerbilar i skogbru- ket.
- Støtte Bondens Marknad og tilby lokale matvarer i eigna lokale eller i samarbeid med daglegvarebutikkar. Økologisk berekraft og betre sjølvforsyning må vere målet.
- Jordvern er spesielt viktig i sentrum. At ikkje industri skal ete seg utover.
- Ikkje naudsynt å satse på jordbruk i sentrum. Har nok jordbruksareal andre stader i kommunen. Sentrums- området burde vore nytta til bustadar. Desse områda er dessutan små og ikkje samanhengande.
- Samtidig har jordbruksareala i sentrum stor formidlingsverdi; mange studentar viser interesse for t.d. he- sjing fordi dette skjer midt i sentrum. Ser at jordbruket har ein verdi i sentrumsområda, ein kvalitet.

## **Korleis utvikle transportsystemet?**

Stikkord: Bruer. Voldatunnelen. 2-planskryss. Sykkelveggar og oppstillingsplassar for sykkel.

- Bru over begge fjordane.
- Voldatunnelen.
- Ringrute. 2-planskryss. Rundkøyningar. Må sjå Ørstafjordkryssinga og Voldatunnelen under eitt.
- Sykkelveggar.
- Oppstillingsplass for sykkel i sentrum.

## **Korleis nytte naturen som ein ressurs?**

Stikkord: Turisme. Ein personleg ressursbank. Landbruket viktig. Fjordfiske. Økologisk berekraftig landbruk.

- Turisme. Natur og fjord sel "som hakka møkk".
- Naturen kan (og vert) nytta til sjelelege formål, ein personleg ressursbank. Kan tilretteleggast meir. Steinlagde råser. Tilkomstar.
- Ta vare på landbruket, det må vere i aktivitet. Beite, hogge skog. Attgroing kan bekjempast med beitedyr, t.d. geiter.
- Vi må ha ei streng forvaltning av retningsliner frå Miljødirektoratet. Oppdrett må inn i lukka anlegg slik at vi sikrar villaksstammene og hindrar spreiding av spillfor, lusemiddel og medisin gjennom fjordstraumane
- Fjordfiske må gi høve til sal av reker og fisk på kaia.
- Vi må ha eige blåskjelvarsel slik at vi alle kan sanke blåskjel og ete dei trygt.
- Etablere eit hummarreservat i ein av fjordane.
- Halde fram med god forvaltning av hjortestammen.
- I større grad nytte erfaringar frå tidlegare landbruk i Volda, der kvart bruk har sitt økologiske berekraftnivå.

## **Korleis ta vare på og utvikle gode idretts-, kultur- og fritidstilbod?**

Stikkord: Mangfald og bredde. Anlegg og kulturhus på bygdene og i sentrum. Gangveg rundt Rotevatnet.

- Mangfald.
- Breddeidrett.
- Ta vare på anlegg og kulturhus på bygdene. Samfunnshuset er ein kvalitet. Organisasjonslivet er ein viktig hjørnestein i samfunnet.
- Støtte opp om ildsjelane.
- Vidareutvikle Elvadalen og lage gangveg rundt Rotevatnet.
- Her er mangfaldet viktigare enn dei store enkelthendingane. Breiddeidretten skal ha fokus, det gir god folkehelse. Vi må ta vare på idrettsanlegga og kulturhusa og snakke fram Volda samfunnshus og Gamlegymnaset som flotte historiske bygg med mange kvalitetar. Dei vil vere verdifulle for generasjonar framover. Det rike organisasjonslivet i Volda er hjørnesteinen i det mangfaldige kulturlivet vårt.

## **Korleis nytte innvandrarar som ressursar i lokalmiljøet og sikre god integrering?**

Stikkord: Spreie innvandrane ut over i kommunen. Etablere møteplassar (fritid og arbeid).

- Spreie dei utover i kommunen!
- Etablere møteplassar, inn i arbeidslivet og organisasjonslivet.
- Organisasjonslivet har eit viktig ansvar.
- Nytte innvandrarar som frivillige ressursar.

### **Kva slags strategi skal kommunen ha for busetting?**

Stikkord: **Det brenn "eit blått lys" for bygdene. Tomter på bygdene. Amdam-utvalets instilling.**

- Det brenn "eit blått lys" for bygdene. Bygdene er annleis enn før. Er blitt berre "ein stad å bu". Korleis legge til rette for at folk skal kunne bu på bygdene? Det er kanskje det viktigaste spørsmålet vi stiller oss. Vi må ha bruer over fjordane og betre kommunikasjon til sentrum.
- Oppretthalde skulane i distriktet (unge familiar).
- Bustadområde på bygdene. Viktig med tomter på bygdene. Unge som søker seg tilbake treng ei tomt. Velsvika; der er det ikkje ei einaste tomt. Treng stader å bygge.
- Må følge Amdam-utvalets instilling (om frådelling, tomter på bygdene o.a.).
- Må vere lettare å frådele tomter.
- Det må leggest til rette for busetting både i sentrum og i grendene. Vi må utvikle «10-minuttsbygda», der bustad, arbeid, skule, viktige butikkar og kulturaktivitetar er muleg å nå til fots innan 10-15 minutt.
- Må ha planlagt utbygging, ikkje "litt her og litt der"- utbygging. Planlegge for at bussruter kan køyre til bustadfelta.
- Aktiv utbygging av delsentra.
- Høgghus i sentrum?

### **Kva type bustadar er det behov for, og kvar?**

Stikkord: **Tomter på bygdene, men initiativet må kome frå bygdene sjølv. Fortetting i sentrum.**

- Forskjellig behov frå bygd til bygd. Initiativet må kome frå bygdene sjølv, ein kan ikkje vente at kommunen skal ta initiativ til alt.
- Fortetting i sentrum. Stort press og vanskeleg for unge å få seg førstegongsbustadar.
- Utleigebustader, særleg i sentrum. Unngå blokker og blokkliknande bustader i dei etablerte bustadfelta, og få meir mangfald ved nye utbyggingar av byggfirma. Der det allereie er blokker, kan vi få fleire, til dømes mellom rådhuset og Legeloftet. Dersom dei vert vesentleg billegare, bør ein gå bort frå livsløpsstandard/universell utforming for ein viss del av bustadane. Alle bustadbygg må i større grad ha krav til eigen energi-produksjon.
- Alle typar.

### **Korleis sikre god og variert tilgang på bustadar og tomter?**

Stikkord: **Treng utleigebustadar for flyktningar og andre, må ha krav i nye byggefelt.**

- Vi har nok tilgang på dyre einbustader, etter kvart er mange einbustader omgjort til studentkollektiv. Det som manglar er kommunale utleigebustader for flyktningar og andre hjelpetrengande. Dette kan sikrast gjennom krav til nye byggefelt om at ein viss del skal settast av til slike bustader.
- Sjå på heile kommunen.

### **Korleis legge til rette for gode bumiljø?**

Stikkord: **Gode fellesområde. Har mange gode bumiljø i dag. Trygge skulevegar. Elevar må sleppe å pendle langt.**

- Myldreområde.
- Gode friområde/fellesområde.
- Har allereie mange gode bu- og leveområde i Volda. Mange har gode turmoglegheiter. Reset - lett tilgjengeleg for mange.

- Bilfrie soner i sentrum.
- Trygge skuleveggar med høge overgangsfelt. Lågare fartsgrense i sentrum; 30- og 40-soner innanfor dagens 50-sone. Betre sykkelveggar. Få gjennomgangstrafikk ut av sentrum. Ryddedugnader i kvar gate kvar april. Parsellhagar i rimeleg avstand.
- Skilje gang- og sykkelveggar frå biltrafikken.
- Skuleveggar viktig. Skuleskyss må ikkje vere eit hinder i kvardagen (t.d. aktuell no; skuleskyss for ungdomsskuleelevar i Austefjorden). Sikre at elevar ikkje må pendle unødvendig lenge.

### **Korleis få unge som flyttar ut til å kome tilbake?**

Stikkord: [Arbeid](#). [Rimelege bustadar](#). [Oversikt over tomme bustadar på bygdene?](#)

- Arbeid og bustad.
- Avgjerande faktor: å få bustad til rimeleg pris.
- Kunne hatt ein oversikt over eldre bustadar som står tomme, og som ev. kunne leigast ut (t.d. på bygdene).

### **Korleis sikre ein god leigemarknad?**

Stikkord: [Utleigebustadar på bygdene](#). [Fortetting i sentrum](#). [Rimelege kommunale utleigebustadar](#).

- Fleire utleigebustadar på bygdene, så unge kan flytte dit og teste ut korleis det er å bu der.
- Fortette.
- Det er ei utfordring med nok areal i sentrum. Mindre flekkar med landbruksareal i sentrum bør omdisponerast.
- Utleigemarknaden må vere tilfredsstillande både for utleigar og leigetakarar. Unngå spekulasjon og unødvendig høge prisar ved at også rimelege kommunale utleigebustadar er tilgjengelige.

### **Korleis styrke Volda og Ørsta som eit regionalt funksjonsknutepunkt?**

Stikkord: **Samanslåing? Ta vare på viktige institusjonar. Havn. Parkering. Bruar. Bussforbindelsar.**

- Slå oss saman - vi vil telle meir saman med andre i forhold til andre stader i regionen.
- Flyplassen, Sjukehuset og Høgskulen gjer Volda og Ørsta til eit regionalt funksjonsknutepunkt. Vi må ta vare på desse. Med Stad skipstunnel i sikte bør vi ha i mine at sjøvegen kan verte ei nyttig og vedlikehaldsfri ferdselsåre i framtida.
- Større havn i området Berkneset/Lid.
- Veg- og parkeringsareal. Parkeringshus i sentrum.
- Bru over Voldsfjorden og Dalsfjorden. Da vil vi verkeleg verte eit knutepunkt.
- Gode bussforbindelsar.
- God trafikkavvikling til og frå.

### **Korleis trekkje ut synergjar frå kommunereformprosessen?**

Stikkord: **Får auka bevisstgjerjing.**

- Auka bevisstgjerjing. Kva vi vil framover; både politikarar og andre må tenkje seg om.
- Ivareta lokaldemokratiet.

### **Korleis ta vare på, utvikle og utnytte sjukehuset, høgskulen, kommunen og andre institusjonar som ressursar?**

Stikkord: **Styrke samarbeidet mellom institusjonane. Framsnakke dei. La dei få arbeidsro og tryggleik.**

- Lett for at institusjonane vert "ghettoar" kvar for seg. Må nytte kvarandre meir. Styrke samarbeid. Kommunen må vere ein tilretteleggar.
- Vi må la desse institusjonane få arbeidsro og tryggleik ved å få fylkespolitikarar og Helseføretak til å slutte å stadig snakke om samanslåing og sentralisering.
- Volda kommune bør legge til rette for at vi har fleire bein å stå på. Høgskulen og sjukehuset er utsett, og kan ende med å ikkje eksistere/verte strekt redusert. Det er ein realitet vi må tørre å tenkje på. Satse på kulturnæringshagen. Framsnakke i regionen kor viktig institusjonane våre er for regionen (t.d. er veldig mange lærarar i kommunane i Ytre utdanna på høgskule i Volda, sjølv om ingeniørane har gått i Ålesund.).

### **Korleis styrke og bevare kultur- og naturverdiar?**

Stikkord: **Bevisstgjerjing. Vi bur i "naturens diamant". Det rike organisasjonslivet er ein hjørnestein.**

- Bevisstgjerjing. Kva er det som er Volda? Natur og rikt kulturliv. Det er det som gir påfyll til livet, viss ein tenker utanom det basale. Vi bur i "naturens diamant"; vi er utruleg heldige. Kan nyttast meir aktivt i marknadsføring, turisme. Det er ikkje kommunisert godt nok ut. Fjell men også FJORD. Kulturlivet ein viktig faktor for å få folk hit.
- Det rike organisasjonslivet i Volda er hjørnesteinen i det mangfaldige kulturlivet vårt. Vi må gi frivillig arbeid gode vilkår og samordning gjennom Frivilligsentralen.

### **Kva mål og visjonar har vi for Volda sentrum?**

Stikkord: **Opnare sentrum. Trivsel. Mangfaldig og roleg sentrum. Trehusbebyggelse. Lokal mat.**

- Opnare sentrum.
- Trivsel og livskvalitet, gangavstand til sentrale funksjonar. Mindre trafikk og trafikkstøy.
- Eit mangfaldig og roleg sentrum også for born, eldre, funksjonshemma og innvandrarar, der vi tek vare på trehusa og skaper møteplassar for lokal handel og kulturarrangement.
- Bondens Marknad og fisk- og rekesal frå kaia skal ha gode vilkår.

### **Kva element er viktige for Voldas særpreg og identitet?**

Stikkord: **Rotsethornet, Hamna, kyrkja, ferga, lærarskulen, trehusbebyggelse, rekreasjonsområda**

- Rotsethornet, småbåthamna, kyrkja, Folkestadferga, Gamlegymnaset, Kaarstadbygget, Røde kors-huset, Trehusbebyggelsen på Hauane, i sentrum og på nedre Rotset, rekreasjonsområda Elvadalen og Rotevatnet.

### **Korleis gjere Volda sentrum attraktivt?**

Stikkord: **Buss fra bygdene. Trafikk. Grøne lunger. Mellom bygningane i Volda. Parkerings. Kulturbygg.**

- 
- Dårlige bussruter mellom bygdene og sentrum. Hyppigare avgangar. Flybuss.
- Meir trafiksikkert sentrum.
- Betre trafikkflyt. Avkøyring til fergekaia må gjerast noko med. Voldatunnelen. Brua ved Spinneriet; vanskeleg kryss.
- Grøne lunger i sentrum.
- Gjennomføre sentrumsplanen med prosjektet «Mellom bygningane». Lage gangsti frå ferjekaia til Munken badeplass. Senke farta på trafikken og heve gangfelta.
- Parkeringsplassar ved legesenteret.
- Opnare. Breiare fortau. Parkeringshus.
- Kulturbygg, ev. eit oppdatert og ivaretatt samfunnshus. Viktig å ha ein plass å møtast.
- Kunne samarbeida med andre kommunar om ein "storstove".

### **Korleis få til gode samarbeidsavtalar mellom fylkeskommune, kommune, næringsliv og frivillige?**

Stikkord: **Informasjonsarbeid.**

- Opplyse om ordninga, ikkje sikkert alle veit om at den ordninga eksisterar. Informasjonsarbeid.
- Transparente system og gode serviceordningar for brukarane.

### **Korleis utvikle sentrumsområde med forankring i lokal identitet og tilhørsle?**

Stikkord: **Styrke samanheng land og sjø. Hamna ein møteplass. Synleggjere historia.**

- Styrke samanheng land og sjø.
- Søkje sjøen; kaia var ein møteplass, det er den ikkje lenger.
- Historiene bak fyrbygging, båtbyggjartradisjonen, nynorsken, avishistoria, skulehistoria og det opplyste bondesamfunnet må vise igjen i sentrumsbiletet. Her kan lokale kunstnarar yte gode bidrag.
- Vi må ikkje gjere utbyggingsvedtak utan grundig handsaming. Bruke frivillige organisasjonar som høyringsinstansar.



### **Korleis førebygge psykisk uhelse, spesielt blant unge jenter?**

Stikkord: [Helsestasjonen](#). [Skulene](#). [Kompetanse](#). [Førebyggjande arbeid](#).

- Auka satsing på helsestasjonen. Førebyggjande arbeid. Opplysningsarbeid.
- Arbeid i skule og interessefora. Tilby etterutdanning til lærarar. Skulene er viktig. Dei som arbeidar i skulen må tenkje på det.
- Gode handlingsplanar ift. rus.
- Trygge relasjonar mellom barn og vaksne og mellom barn og barn er den beste medisin for god psykisk helse. Barnehagar, skular og helseteneste må ha nok ressursar til at trygge relasjonar mellom elevar og lærarar kan byggast opp. Vi må unngå stadig forventnings- og prestasjonspress i fritidsaktivitetar, slik at borna blir overorganiserte og kronisk stressa.

### **Korleis førebygge overvekt, spesielt hos barn og unge?**

Stikkord: [Gode gangveggar](#). [Skule, heim og idrettslag](#). [Lære barn om sunn mat](#). [Bevisstgjere foreldre](#).

- Fysisk aktivitet i og utanfor skulen.
- Må vere lett å gå. Gangveggar, snarveggar, ferdselsårar. Belysning.
- Idrettslaga; oppmode om at dei som driv dei er obs på det.
- Må vere eit gjentakande tema i skule og heim.
- Trå varsamt; kan vere vanskeleg for foreldre å ta opp/mase for mykje. Profesjonelle folk må styre det, t.d. helsesøster. Starte tidleg, helsesøster i barnehagane.
- Eit stort mangfald i aktivitetstilbod på fritida, nærheit til attraktive uteområde, og uteaktivitet i skuletida med praktiske oppgåver. Også digitale verktøy til dømes gjennom geocaching kan nyttast for å få folk ut å gå.
- Samarbeide med bønder; la barna lære kvar maten kjem frå og kva som er sunn mat. Ha tilbod om økologisk sunn mat på skular og helseinstitusjonar. Etablere skulehagar.
- Opplysning; gjere barna oppmerksame på kva ulik mat gjer med kroppen.
- Heng saman med økonomi; barn og unge har meir pengar nå enn før til å kjøpe usunn mat. Ungar vert køyrd for mykje. Foreldre spiller ein veldig viktig rolle. Trenger bevisste foreldre. Heimane må på banen. Foreldra må også ta hovudansvaret for å lære barna å vere ute.

### **Korleis legge til rette for gode oppvekst- og levekår?**

Stikkord: [Eigenaktivitet](#). [Trygge relasjonar](#), [trafikktrygging](#), [gode skular](#), [barnehagar](#), [helsestasjon](#).

- Utfordre dei unge til eigenaktivitet.
- Eit omfattande spørsmål. Stikkord: [Trygge relasjonar](#), [trafikktrygge bumiljø](#), [gode nærskular](#), [oversiktlege samfunnsstrukturar](#), [godt kvalifisert personale barnehagar](#), [skule](#), [helsestasjon](#).

### **Korleis førebygge mobbing, einsemd, angst, rus og livsstilssjukdomar?**

Stikkord: [Haldningar](#).

- Vere vaksen!
- Arbeida med haldningar. Grunnleggande haldningar til andre må lærast frå ein er liten.

## Korleis legge til rette for fysisk aktivitet i kvardagen?

Stikkord: Skulevegar. Heilårstilbod. Grendalaga. Foreldre må ofre eiga tid. Kvardagsaktivitetar.

- Trygge, gode skulevegar.
- Friluftsliv, turstiar, merking er bra.
- Heilårstilbod. Må bevisstgjere innbyggjarane om kva tilbod vi har her.
- Tida foran skjermar aukar. Korleis aktivisere ungdom på bygdene? Dei har ikkje så mange på sin alder i nærmiljøet; vert ofte til at det vert sittande inne. Grendalaga har ei rolle i å få folk ut på bygdene. Ballbingar dømme på godt tiltak. Skøyteis om vinteren.
- Dette er også mykje foreldra sitt ansvar. Foreldre må ofre tida si; få folk ut, vere ute saman med dei, køyre dei til og frå trening og andre aktivitetar.
- Barn treng stimulering frå dei er små.
- Bruke sykkel, rullebrett og beina når ein skal til og frå skule, arbeid, innkjøp og andre aktivitetar.
- Det er viktig at ein set av tid til fysisk aktivitet. Tur og trening. Sjekk om arbeidsplassen har trening i arbeidstida, eller sponsar treningskort.
- Må ikkje trene hardt, små grep i kvardagen kan ha stor betydning.
- Gå til arbeid, ta trappa, hagearbeid, leik med ungane: kvardagsaktivitetar med god helseeffekt.
- Volda har frisklivssentralen.
- Haldningar.

## Korleis styrke innbyggjarane sin livskvalitet?

Stikkord: Frisklivssentralen. Bevisstgjering. Bu, mat, luft, hygiene, intellektuell eller kulturell stimuli.

- Frisklivssentralen viktig.
- Bevisstgjering for kvar enkelt. Særleg i alderdomen.
- Dei grunnleggande 5 sakene som må vere på plass er: Ein grei stad å bu, tilgang på sunn mat, tilgang på frisk luft, muligheit for hygiene og eit minimum av intellektuell eller kulturell stimuli. Ut over dette må kjønna vere likestilte, folk må ha trygge og meningsfulle arbeidsplassar eller tilstrekkeleg trygd, møteplassar for sosiale og fysiske aktivitetar og høve til å dyrke individuelle interesser. Av dette får vi trygg lokal identitet og kjensle av å høyre til og bli verdsett.

### **Korleis gjennomføre tiltak for å betre miljøet og redusere klimagassutslipp?**

Stikkord: [Informere og motivere](#). [Utsleppsfrie køyrety](#). [Rydding av søppel](#). [Kommunalt klimarekneskap](#).

- Vi bør informere og motivere innbyggerane til å legge om livsstilen med mindre forbruk og redusere utslipp gjennom transport.
- Kommunen skal så langt som råd nytte utsleppsfrie køyrety. Vi må jobbe for at ferjekonsesjonane for Voldsfjorden skal ha krav om nullutslepp.
- Større aksjonar for opprydding av søppel må organiserast av VØR og Frivilligsentralen, som kan utfordre skular og organisasjonar til å rydde visse områder..
- Klimaavtalen Noreg underteikna i Paris 15. desember legg føringar for norske utslipp. Kommunen annerkjenner at vi må ta vår del av dei kutta som må til. Det må difor førast eit kommunalt klimarekneskap.

### **Kva strategi har vi for ein berekraftig arealbruk?**

Stikkord: [Ta vare på matjord](#). [Gyteplassar for fisk](#). [Fjerne svartelista artar](#). [Pollinering](#). [Vurdere jordbruksareal](#).

- Unngå utbygging på matjord, bevare viktige biotopar og blomsterenger. Støtte økologisk landbruk.
- Gjennomføre tiltak for å reinse elvar og ta vare på gyteplassar for fisk. Følgje tiltak som er skissert i [Vannportalen.no](#).
- Søke midlar for å fjerne svartelista artar.
- Ha tiltak for humler og andre insekt som kan styrke pollinering.
- Omgjøre jordbruksareal som ikkje er produktiv til bustad.

### **Korleis legge til rette for miljøvenleg transport?**

Stikkord: [Batteridrevne lokalbussar og ferger](#). [Sykkel](#). [Kollektivtransport](#). [Meir miljøvennlege bilar](#).

- Batteridrevne lokalbussar til lokaltrafikken. Ev. biogass.
- Batteridrevne ferger.
- Kommunen skal så langt som råd nytte utsleppsfrie køyrety. Vi må jobbe for at ferjekonsesjonane for Voldsfjorden skal ha krav om nullutslepp.
- Sykkelstativ, parkeringsareal for sykklar.
- Satse på sykkelveggar. Gjennomføre arealpolitikk som favoriserer sykkel og gange.
- Hyppigare avgangar for kollektivtransport og lågare satsar for ungdom.
- Nye motorar i bilar. Nye bilar meir miljøvennlege enn gamle. Fergene forureinar meir enn alle bilene til saman i Volda. Batteridrevne ferger.
- Forby piggdekk i nærmiljøet.
- Forby vedfyring. Bergen kommune gir tilskot (5000 kr) til alle som bytter ut gamle vedfyringsovner.
- Transport står i dag for omtrent 14% av dei totale klima- og gassutsleppa. Utan betydelege tiltak vi utsleppa auke til 12 milliardar tonn innan 2050.
- Høgare eingongsutgifter på bensin og dieselbilar er einaste verkemiddel som verkeleg utgjør ein forskjell syner forskinga.
- Redusere trafikkvolumet: parkeringsrestriksjonar, bompengar, køprising, kollektivløysingar.
- Kortreiste feriar er best for miljøet då flytransport utgjør ein betydeleg del av forureininga.
- Utslepp frå godstransporten må ned.
- Hydrogenstasjon mellom Rotsethornet og Voldatunnelen. Litt opp og fram.

## Korleis ta vare på naturen som ein ressurs?

Stikkord: [Beiting](#). [Ta vare på bøndene](#). [Økologisk landbruk](#).

- Beiting viktig. Beitene veks igjen. Slåttemarka vert heldt i hevd.
- Står det så gate til med landbruket som vi trur? Det er mange aktive bruk i Volda.
- Idealisme bak at det ser så bra ut som det gjer. Motivere bønder til å ha beitedyr. Kva kan vi gjere for at unge bønder begynner å drive igjen? Ta i vare jordvernet.
- Støtte økologisk landbruk.

## Korleis ta vare på det biologiske mangfaldet?

Stikkord: [Hindre forureining](#). [Søppelrydding](#). [Reinse elvar](#). [Fjerne svartelista artar](#). [Pollinering](#).

- Hindre forureining.
- Større aksjonar for opprydding av søppel må organiserast av VØR og Frivilligsentralen, som kan utfordre skular og organisasjonar til å rydde visse områder.
- Gjennomføre tiltak for å reinse elvar og ta vare på gyteplassar for fisk. Følgje tiltak som er skissert i [Vannportalen.no](#).
- Søke midlar for å fjerne svartlista artar.
- Ha tiltak for humler og andre insekt som kan styrke pollinering.

### **Korleis sikre tilfredsstillande dekningsgrad og standard på kommunale velferdstenester innanfor økonomisk handlingsrom?**

Stikkord: **Unngå underbemanning. Samarbeide. Forsiktig investeringspolitikk. Utnytte Husbanken.**

- Følgje nøye med på standarden i velferdstenestene, og ta på alvor meldingar om underbemanning. Samarbeide med pårørande, interesseorganisasjonar og fagforeiningar. Ha ein svært forsiktig investeringspolitikk. Utnytte ordningar gjennom Husbanken for bustader til hjelpetrengande. Sjå til at trepartssamarbeidet tryggar gode arbeidsvilkår for dei tilsette i kommunen.

### **Korleis skape kultur for innovasjon?**

Stikkord: **Ny teknikk. Samarbeide med høgskulen og næringsliv.**

- Nytte ny teknikk der det er mogleg.
- Sleppe Høgskulen til i kommunal planlegging og samarbeidsorgan for næringslivet. Skape møteplassar mellom næringsliv og studentar.

### **Korleis møte framtidige krav til omstilling og effektivisering?**

Stikkord: **Tilpasse tenesteyting til økonomien. Ta vare på det som fungerer.**

- Tilpasse tenesteyting til økonomisk verkelegheit.
- Ta vare på det gamle som fungerer godt. Sikre at omstillinga skjer i takt med "det grønne skiftet".

### **Korleis møte forventna auka press på kommunale tenester?**

- Synleggjere trongen for statlege overføringar. Gi gode vilkår for frivillige organisasjonar innan helse- og sosialområdet. Redusere arbeidstid slik at folk kan ta seg av familiemedlemar med hjelpebehov.

### **Kva tenester er Volda kommune gode på?**

Stikkord: **Skule, barnehage, barnevern, eldreomsorg. Jamt over gode tenester.**

- Barnehagedekning. Skule. Barnevern. Eldreomsorg.
- Jamt over gode tenester. Mykje godt arbeid i Volda kommune. Leverer gode tenester.

### **Kva tenester bør vi verte betre på?**

Stikkord: **Tenester på bygdene. Mat. Vedlikehald kommunale bygg.**

- Tenester ute på bygdene. Likeverdige tilbod til eldre.
- Kunne levere god mat til eldre og på institusjonane.
- Følgje opp vedlikehald av alle kommunale bygg og uteområde på ein betre mate. Ikkje alle bygg har brukarar som tek ansvar for å melde inn vedlikehaldsbehov.

### **Korleis arbeide for eit godt omdøme?**

Stikkord: **Svare raskt og presist. Tilgjengelege tenester.**

- Smile! :)
- Arbeide for å møte brukarane der dei er. Gjere tenestene i kommunen så tilgjengelege som råd.
- Svare brukarane så raskt og presis som mogleg.

### **Kva mål og strategiar skal kommunen ha for arbeidet med samfunnstryggleik?**

Stikkord: **Brannkorps. Sivilforsvar.**

- Brannkorps nær delsentra. Vi har tre branndepot på bygdene.
- Aktivt sivilforsvar.

### **Korleis skal kommunen leggje til rette for tryggleik for innbyggjarane?**

Stikkord: **Sikre sjukehuset, flyplassen, matjorda. Brannkorps nær delsentra.**

- Vidareføre arbeid for å sikre sjukehuset.
- Vidareføre arbeid for å sikre flyplassen.
- Vidareføre arbeid for å sikre tilgang på matjord.
- Brannkorps nær delsentra. Aktivt sivilforsvar.

### **Korleis skal kommunens beredskapsorganisasjon drivast og vedlikehaldast?**

Stikkord: **Samarbeid med politi. opplæring.**

- Samarbeid med politi?
- Opplæring og kurs.

### **Korleis skal kommunen arbeide for å møte framtidige utfordringar?**

Stikkord: **Oppdatert vaksineprogram. Rassikre Dalsfjorden. Oppsyn flaumutsette område. Straum, telefon, nett.**

- Vaksine. Kunne takle/vere førebudd på/hindre store folkesjukdomar.
- Flaumvern og overvåking av vassdrag.
- Rassikre delar av Dalsfjorden. Nå er det slik at vegane vert stengd i begge endar, med to bommar; kva med folka som bor midt i mellom dei bommane? Må rassikre ei fluftrute. Vegvesenet sitt ansvar; viktig å få dei med på dette. Handlar om tryggleik for dei som bur/vil bu der.
- Halde oppe straumforsyninga.
- Telefondekning og nett i alle bygder. Naudnettet er oppe og går.
- Sikre tilgang til produktiv matjord.
- Brannvernet: samanslåing?

